



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2017/4934-1

Vår ref  
17/2656-5

Dato  
06.06.2017

### **Overslag ferjeavløysingsmidlar - Opplysningar om nytt vegnett**

Vi viser til breva dykkar av 2. og 8. juni 2017, med førespurnad om overslag på ferjeavløysingsmidlar for fire ulike vegprosjekt. Vi har behov for nærare opplysningar om Masfjordsambandet for å kunne gje eit overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar for prosjektet, og ber om at de sender inn opplysningane etter oppsettet i tabellen på neste side.

I brevet av 2. juni ber de òg om eit møte med Samferdselsdepartementet om førehandsavklaring av Masfjordsambandet. Vi har fått opplyst at det er avtalt eit møte i Samferdselsdepartementet med dykk 20 juni.

#### *Utrekning av årlege ferjeavløysingsmidlar*

Storleiken på det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar blir rekna ut som nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet når eit ferjesamband blir erstatta av ein ny veg. Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at eit eller fleire ferjesamband blir lagt ned, noko som fører til redusert kompensasjon gjennom inntektssystemet. Samtidig aukar drifts- og vedlikehaldsbehovet til fylkesveg, noko som fører til auka kompensasjon gjennom vegnøkkelen i inntektssystemet.

Ferjeavløysingsmidlane blir altså fastsett ved å først rekne ut beløpet som ferjesambandet utløyser i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Så blir auken i kompensasjon gjennom vegnøkkelen trekt frå. Storleiken på fråtrekket blir rekna ut ved å sjå på effekten av å endre kriteria "fylkesvegfaktor for drift og vedlikehald (MOTIV)" og "veglengde fylkesveg".

#### *Behov for opplysningar om vegprosjektet*

Endringane i kriteriedata for vedlikehaldsbehovet (MOTIV) blir rekna ut av Vegdirektoratet på vegner av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For å kunne rekne ut endringar i

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.kmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org no.  
972 417 858

Avdeling  
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar  
Lars Tore Rydland  
22 24 68 80

MOTIV-tala i samband med ferjeavløysingsprosjektet, treng Vegdirektoratet opplysningar om endringar i veglengda som følgje av det nye vegprosjektet, og ein trafikkprognose. Veglengda må delast inn etter vegtype/vegelement og følgje inndelinga i tabellen under. Vegstandard på dei ulike vegtypene/vegelementa må òg gå fram.

Opplysningane om endringar i vegnettet som følgje av det nye vegprosjektet bør rapporterast etter følgjande oppsett:

<b>Vegtype/vegelement</b>	<b>Lengde i meter</b>	<b>Vegstandard*</b>	<b>Brutype / tal på tunnellop**</b>
Veg i dagen			
Veg på sjøfylling			
Bru			
Tunnel (landtunnel)			
Undersjøisk tunnel			
Sum ny veg		<i>Ikkje aktuelt</i>	<i>Ikkje aktuelt</i>

\* Til dømes to felts veg, to- og trefeltsveg med/utan midtrekkverk eller firefelts veg. Viss ein vegtype har ulik standard på ulike delar av strekninga, kan dette spesifiserast ved å setje inn fleire rader for same type vegelement.

\*\* Brutype viss kjent. For alle tunnelar må det gå fram om det er eitt eller to løp.

Trafikkprognosane bør vise overslag på årstdøgnetrafikk (ÅDT) i opningsåret.

#### *Prosessens vidare*

Vi gjer merksam på at overslaget på ferjeavløysingsmidlar berre vil vere eit førebels overslag. Det faktiske beløpet med årlege ferjeavløysingsmidlar og lengda på utbetalingsperioden vil bli rekna ut når Samferdselsdepartementet behandlar saka endeleg. Eventuelle endringar i vegprosjektet og/eller inntektssystemet kan ha konsekvensar for utrekninga av ferjeavløysingsmidlane.

I tråd med merknaden frå kommunal- og forvaltningskomiteen i Innst. 422 S (2016–2017), vil søknader som kjem inn til departementet i 2017, og som tilfredsstillar krava til ein fullstendig søknad etter retningslinjene for ferjeavløysingsordninga, blir behandla ut frå nivået på nøkkelen slik den er i 2017. Endelege søknader som kjem inn etter 1. januar 2018, vil bli berekna med utgangspunkt i den nye kostnadsnøkkelen for båt og ferje.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar*

Kopi

Samferdselsdepartementet